
Saksnr: 2021/7508-2
Saksbehandlar Øyvind Sunde Høstaker
Dato: 12.03.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Den kulturelle skulesekken (DKS) – etablering av tilsvarande ordning i Montenegro

Jf brev som er lagt ved saka, skal Kulturtanken, den statlege etaten for Den kulturelle skulesekken (DKS), bistå Montenegro i arbeidet med å etablere ei DKS-ordning etter modell frå Norge. Vestland fylkeskommune er bedne om å bidra i arbeidet, mellom anna på grunn av at seniorrådgjevar Øyvind Høstaker, KII- kulturformidling, tidlegare har vore involvert i førebuande arbeid frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vestland fylkeskommunen vil i første omgang delta på innleiande møte om saka. Samarbeid med Montenegro er ikkje del av Vestland fylkeskommune sin internasjonale strategi. Men, dersom det kjem spørsmål om vidare engasjement frå Vestland fylkeskommune, t.d. å delta i meir omfattande utgreiings- og planarbeid, kan det vere aktuelt å drøfte frikjøp av kapasitet i fylkeskommunen til arbeidet. Det vil slik ikkje gå ut over andre oppgåver.

Vedlegg

- 1 Brev frå Ministry of Education, Science, Culture and Sports til Kulturtanken/Den kulturelle skulesekken, datert 23.02.21